

Til
Gloppen kommune v/ordfører
Sogn og Fj. fylkeskommune v/fylkesordfører

Kort oppsummering frå eigarmøte 15.8.2019 på Skei hotell:

Til stades:

Frå SFJ fylkeskommune: Fylkesordfører Jenny Følling, Bygg- og eigedomssjef Jan Tore Rosenlund.

Frå Gloppen kommune: Ordfører Leidulf Gloppestad og rådmann Jan Kåre Fure.

Frå Trivselshagen IKS; styreleiar Trond Ueland og dagleg leiar Anniken Rygg

Tema:

Gjennomgang og status om styret sitt arbeid med gjennomføring av tiltak i selskapet knytt til «Vidsynrapporten».

Styreleiar orienterte om styret sitt arbeid med gjennomføring av tiltak og framlegg til vidare arbeid. Oppsummert har alle tiltak framlegg til løysing innanfor eksisterande selskapsmodell med føresetnad om framhald av felles eigarskap av anlegga som i dag.

Partane er samde om å gå vidare for å finne ei løysing der ein særleg ser på kostnadsfordeling, dialogplattform og eigarmodell. Rådmannen i Gloppen kommune ønskjer eit nedskalert eigedomsselskap framfor dagens modell. Fylkeskommunen viser til vedtak i fylkesutvalet der det er to modellar som er drøfta; dagens modell eller delt eigarskap. Fylkeskommunen presiserte styret sitt ansvar overfor dei tilsette i selskapet.

Eigarrepresentantane vart samde om å halde fram prosessen, og slutta seg til styreleiar si oppsummering i 3 delar:

1. Vidare drøfting om kostnadsfordeling – Rådmann i Gloppen kommune utarbeider og sender til SFJ fylkeskommune v/bygg- og eigedomssjefen framlegg til løysing for ei rettviss kostnadsfordeling med omsyn til bruk og bruksfordeling innan utgangen av august. Deretter vil det vere direkte dialog mellom Gloppen kommune og fylkeskommunen om løysing.
2. Vidare avklaring av samarbeids- og dialogplattform
3. Eigarmodell

Anniken Rygg.
(sign)